



Noregs  
vassdrags- og  
energidirektorat

N V E

Adresseliste

Vår dato: **01 NOV 2013**

Vår ref.: NVE 200704717-16, 200901883-26,  
201104394-4, 201305135-2 ksk/auko og kn/tcm

Arkiv: 312/031.5Z

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Auen Korbøl

Tanja Midtstian

## **Felles høyring av søknader om utbygging av kraftverk i Daladalen, overføring av vatn til Lyngsvatn og ny trafo på Helmikstølen i Forsand og Hjelmeland kommunar, Rogaland fylke**

NVE har motteke søknader frå Småkraft AS om å få byggje Dalaåna- og Nordåna kraftverk og Øvre Dalaåna kraftverk i Forsand kommune. Det er og motteke søknad frå Lyse Produksjon AS om å overføre vatn frå Daladalen til Lyngsvatn og frå Lyse Elnett AS om bygging av Helmikstølen transformatorstasjon. Søknadene blir sendt på høyring til alle som saka vedkjem. Høyringsfrist er **14. februar 2014**. NVE vil halde eit ope møte i løpet av høyringsperioden. Bruk gjerne nettsida til NVE når de sender fråsegn.

### **Om søknadene**

Småkraft AS har søkt om konsesjon til å byggje kraftverkene Dalaåne, Nordåna og Øvre Dalaåna i Forsand kommune, søknadene behandlast etter reglane i vassressurslova. Lyse Produksjon AS har søkt om å overføre vatn frå Daladalen til Lyngsvatn, søknaden behandlast etter reglane i vassdragsreguleringslova, men det er og søkt om ekspropriasjonsløyve og førehandstiltreding etter oreigningslova.

Lyse Elnett AS har i tillegg søkt om konsesjon etter energilova, og om ekspropriasjonsløyve og førehandstiltreding etter oreigningslova, for ei ny transformatorstasjon og ombygging av eksisterande ledningar for tilknytning av kraftverka til nettet.

Til søknadane føreligg det konsekvensutgreiingar med fagrapportar. Søkerne har utarbeidet eigne informasjonsbrosjyrar om de planlagde kraftverka og overføringa, og eit eksemplar av kvar brosjyre følger vedlagt.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO. Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

#### **Hovedkontor**

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

#### **Region Midt-Norge**

Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

#### **Region Nord**

Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

#### **Region Sør**

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

#### **Region Vest**

Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

#### **Region Øst**

Vangsvæien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



### Om høyringa og frist for uttale

Søknadane blir kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringane ligg ved.

Eit eksemplar av brosjyren som er utarbeidd for prosjektene ligg ved. Søknadene og fagrapportane er tilgjengelege på internettsida til NVE: [www.nve.no/Vannkraft](http://www.nve.no/Vannkraft). Om høyringspartane ønskjer ein papirversjon av meldinga kan dei kontakte:

Dalaåna og Nordåne kraftverk og Øvre Dalaåna kraftverk: Småkraft AS v/ Kari Seim på e-post: [Kari.Seim@smaakraft.no](mailto:Kari.Seim@smaakraft.no) eller tlf. 55 12 73 24

Overføring Daladalen-Lyngsvatn: Lyse Produksjon AS v/ Håvard Nagell Bjordal på e-post: [HavardNagell.Bjordal@lyse.no](mailto:HavardNagell.Bjordal@lyse.no) eller tlf. 934 88 209

Helmikstølen trafostasjon: Lyse Elnett AS v/ Børre Dybesland på e-post: [borre.dybesland@lyse.no](mailto:borre.dybesland@lyse.no) eller tlf. 51 90 80 61

Vi viser elles til vedlagd informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå søknaden blir sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva vi ønskjer tilbakemelding på.

### Informasjon til kommunane

Vi ber Forsand og Hjelmeland kommunar om å kunngjere saka på sine heimesider, og leggje to eksemplar av søknaden med fagrapportar ut til offentleg gjennomsyn på kommunehuset i Forsand og Hjelmeland kommune sitt kundesenter og bibliotek fram til **14. februar 2014**. Det eine eksemplaret kan om naudsynt lånast ut for kortare tid (2- 3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

I løpet av høyringsperioden vil NVE halde eit ope møte om prosjektet. Møte vil finne stad på Lysefjordsenteret den 11. desember kl. 19. På møtet vil NVE orientere om sakshandsaminga av søknaden, og tiltakshavar vil orientere om konsekvensane av ei eventuell utbygging.

Fråsegner skal sendast, gjerne via internett [www.nve.no/Vannkraft](http://www.nve.no/Vannkraft) , [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller i brev til NVE-Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo, så snart som mogeleg og seinast **14.2.2014**.

Fråsegner eller delar av fråsegner vil bli referert i innstillinga i saka frå NVE til Olje- og energidepartementet (OED). Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det er utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Fråsegner er offentlege dokument. Sentrale saksdokument blir lagt ut på NVE sine internettsider.

Med helsing

  
Øystein Grundt  
seksjonssjef

  
Auen Korbøl  
seniorrådgiver

Vedlegg:

Brosjyrer, kopi av kunngjering, To informasjonsark om sakshandsaminga

**Felles adresseliste for:**

Småkraft AS - Søknad med KU for Dalaåna og Nordåna kraftverk

Småkraft AS – Søknad for Øvre Dalaåna kraftverk

Lyse Produksjon AS – Søknad for overføring av vann frå Daladalen til Lyngsvatn

Lyse Elnett AS – Søknad for Helmikstølen trafostasjon

**Handsamast etter:** Vassressurslova, vassdragsreguleringslova, energilova og oregningslova

**Blir kunngjort av NVE to gonger i:** *Strandbuen og Stavanger Aftenblad*

Ant. søknad m/ fagrapport

Kraftverk	Trafostasjon	Adressat
4 (x 3)	4	Forsand kommune, 4110 FORSAND
4		Hjelmeland kommune, 4130 HJELMELAND
		Fylkesmannen i Rogaland – Miljøvernavdelingen, Postboks 59, 4001 STAVANGER
		Rogaland fylkeskommune, Postboks 130, 4002 STAVANGER
		Mattilsynet Rogaland og Agder, Postboks 383, 2301 BRUMUNDDAL
		Fiskeridirektoratet region Sør, Postboks 185 Sentrum, 5804 BERGEN
		NHO Reiseliv, Postboks 5465, 0305 OSLO
		Villreinnemnda for Setesdalsområdet v/ Jørn T. Haug, Åseral kommune, 4540 ÅSERAL
		Norsk Ornitologisk Forening avd. Rogaland, Postboks 2101 Hillevåg, 4095 STAVANGER
		Norges Padleforbund, Service boks 1 Ullevål stadion, 0840 OSLO
		NJFF Rogaland, Postboks 313, 4291 KOPERVIK
		Strand og Forsand turlag, Postboks 239, 4001 STAVANGER
		Stavanger turistforening, Postboks 239, 4001 STAVANGER
		Hjelmeland Turlag, Postboks 239, 4001 STAVANGER
		Naturvernforbundet i Rogaland, Postboks 441, Sentrum 4002 STAVANGER
		FNF-Rogaland, Gamle Jåttåvågen 67, 4020 STAVANGER
		Ryfylke friluftsråd, Gamle Jåttåvågen 67, 4020 STAVANGER
		Dir. for mineralforvaltning, Postboks 3021 Lade, 7441 Trondheim
		Stavanger Museum, Muségata 16, 4010 STAVANGER
		Norsk Sjøfartsmuseum, Bygdøynesveien 37, 0286 OSLO
		Statens vegvesen, Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER



NGI, Pb. 3930 Ullevål Stadion, 0806 OSLO

Norges geologiske undersøkelser, 7491 TRONDHEIM

Direktoratet for naturforvaltning, Postboks 5672 Sluppen, 7485 TRONDHEIM

Kystverket Vest, Postboks 466, 5501 HAUGESUND

Statnett SF, Pb 4904 Nydalen, 0423 OSLO

Riksantikvaren, Postboks 8196 Dep, 0034 OSLO

Statens Vegvesen Region Vest Regionvegkontor, Postboks 168, 6863 LEIKANGER

Bergvesenet, Postboks 3021 Lade, 7441 TRONDHEIM

Lyse Produksjon AS, Postboks 8124, 4069 STAVANGER

Lyse Nett AS, Postboks 8124, 4069 STAVANGER

Lyse Elnett AS, Breiflåtveien 18 Mariero, 4017 STAVANGER

Forsand Elverk KF, Kommunehuset, 4110 FORSAND

Stein Erik Ansethmoen, Snipeveien 1, 4318 SANDNES

Svein Skjervik Skjæveland, Bjørnøygeilen 3, 4085 HUNDVÅG

Eltervaag Øivind, Nesbu terrasse 133, 4052 RØYNEBERG

Småkraft AS, Postboks 7050, 5020 BERGEN

Orientering

Statens landbruksforvaltning, Postboks 8140 Dep, 0033 Oslo

Orientering

Olje- og energidepartementet, Postboks 8148 Dep, 0033 Oslo

e-post

Friluftslivets fellesorganisasjon [post@frifo.no](mailto:post@frifo.no)

Samarbeidsrådet for naturvernsaker [ah@naturvernforbundet.no](mailto:ah@naturvernforbundet.no)

Samarbeidsrådet for biologisk mangfold, SABIMA [sabima@sabima.no](mailto:sabima@sabima.no)

Norges Bondelag [bondelaget@bondelaget.no](mailto:bondelaget@bondelaget.no)

Fortidsminneforeningen [post@fortidsminneforeningen.no](mailto:post@fortidsminneforeningen.no)

Noregs vassdrags- og energidirektorat kunngjer

## Felles høyring av søknader om utbygging av kraftverk i Daladalen, overføring av vatn til Lyngsvatn og ny transformatorstasjon på Helmikstølen i Forsand og Hjelmeland kommunar

Småkraft AS har søkt om konsesjon til å byggje kraftverkene Dalaåne, Nordåna og Øvre Dalaåna i Forsand kommune, søknadene behandlast etter reglane i vassressurslova. Lyse Produksjon AS har søkt om å overføre vatn frå Daladalen til Lyngsvatn, søknaden behandlast etter reglane i vassdragsreguleringslova, men det er også søkt om ekspropriasjonsløyve og førehandstiltreding etter oreigningslova.

Lyse Elnett AS har i tillegg søkt om konsesjon etter energilova, og om ekspropriasjonsløyve og førehandstiltreding etter oreigningslova, for ei ny transformatorstasjon og ombygging av eksisterande ledningar for tilknytning av kraftverka til nettet.

Søknaden og alle fagrapportane er tilgjengelege på NVE sin internettside: [www.nve.no/Vannkraft](http://www.nve.no/Vannkraft) og er lagt ut til offentleg gjennomsyn på kommunehuset i Forsand og Hjelmeland kommune sitt kundesenter og bibliotek.

De kan få ein papirversjon av søknaden ved å kontakte:

Dalaåna og Nordåne kraftverk og Øvre Dalaåna kraftverk: Småkraft AS v/ Kari Seim på e-post: [Kari.Seim@smaakraft.no](mailto:Kari.Seim@smaakraft.no) eller tlf. 55 12 73 24

Overføring Daladalen-Lyngsvatn: Lyse Produksjon AS v/ Håvard Nagell Bjordal på e-post: [HavardNagel.Bjordal@lyse.no](mailto:HavardNagel.Bjordal@lyse.no) eller tlf. 934 88 209

Helmikstølen trafostasjon: Lyse Elnett AS v/ Børre Dybesland på e-post: [borre.dybesland@lyse.no](mailto:borre.dybesland@lyse.no) eller tlf. 51 90 80 61

NVE vil halde eit ope møte i løpet av høyringsperioden. Møte vil finne stad på Lysefjordsenteret den 11. desember kl. 19. På møtet vil NVE orientere om sakshandsaminga, og søkjar vil gjere greie for konsekvensane ved ei eventuell utbygging.

Fråsegner sendast gjerne via internett [www.nve.no/vannkraft](http://www.nve.no/vannkraft), til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller i brev til NVE – Konesjonsavdelinga, Postboks 5091, Majorstua, 0301 OSLO så snart som mogeleg og seinast innan **14. februar 2014**.



## SAKSHANDSAMINGSGRUTINAR VED SØKNAD MED KONSEKVENSUTGREIING SOM SKAL SLUTTHANDSAMAST AV OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET

### *Generelt*

Søknaden gjeld eit kraftutbyggingsprosjekt som fell inn under reglane i plan- og bygningslova (pbl) om konsekvensutgreiingar (KU). NVE har, på bakgrunn av ei melding og høyringsfråsegnene til denne, fastsett utgreiingsprogrammet for den KU som er lagt ved søknaden.

NVE følgjer same sakshandsamingsrutinar for alle KU-saker, uavhengig av om tiltaket høyrer inn under vassdragsreguleringslova eller vassressurslova.

Vi viser til våre nettsider for meir informasjon:  
[www.nve.no/vannkraft-ku](http://www.nve.no/vannkraft-ku)

### *Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd.*

NVE sender saka på høyring til dei kommunane, fylkesmenn, fylkeskommunar, statlege forvaltningsorgan og interesseorganisasjonar som saka vedkjem. Høyringsperioden er normalt tre månader. Samtidig blir brosjyre om søknaden distribuert til alle husstandane i distriktet. Søknaden blir kunngjort i lokale aviser, finst tilgjengeleg til gjennomlesing i kommunen og kan lastast ned frå NVE sine nettsider.

I løpet av høyringsperioden arrangerer NVE eit offentleg møte i distriktet i samarbeid med søkjar.

Etter høyringsperioden får søkjar høve til å kommentere innkomne fråsegner. Når NVE har motteke desse kommentarane vil NVE i samarbeid med søkjar invitere til ei synfaring. Kommunen, fylkeskommunen, Fylkesmannen og andre partar som saka vedkjem vil få høve til å delta. Under synfaringa er det mogleg å utdjupe aktuelle problemstillingar og å peike på forhold som er teken opp i høyringsrunden.

NVE slutthandsamar saka ved å gje si tilråding til Olje-og energidepartementet (OED). Ved ei totalvurdering av saka står NVE fritt til å vurdere om konsesjon skal tilrådest og i kva utstrekning. Søknaden og innkomne fråsegner er viktige grunnlag for denne vurderinga.

Dersom NVE tilrår å gi konsesjon, vil forslag til konsesjonsvilkår og ev. manøvreringsreglement vere lagt ved innstillinga til OED. Vilkåra inneheld reglar om m.a. konsesjonstid, revisjon av vilkår, konsesjonsavgifter til staten og kommunar (unntatt for elvekraftverk < 40 GWh), konsesjonskraft (berre vassdragsreguleringslova), godkjenning av

detaljplanar for utbygginga, tersklar, erosjon, naturforvaltning, forureining, kulturminne og sanksjonsreglar ved eventuelle brot på vilkåra. Ein viktig del av vilkåra er manøvreringsreglementet som gir rammene for konsesjonen, med m.a. reglar for vasslepping og reguleringshøgder.

Departementet sender NVE si tilråding ut på ei avgrensa høyring til dei kommunar og departement som saka vedkjem. Deretter fremjar OED saka for regjeringa som fattar endeleg vedtak.

Dersom det er søkt om løyve etter energilova for elektriske anlegg i kraftverk/høgspenn overføringsanlegg, vil NVE gi nødvendige konsesjonar etter at saka etter vassdragslovgivinga er endeleg avgjort.

### *Kva forventast av høyringsinstansane?*

Formålet med høyringa er å få synspunkt på dei framlagde planane og alternativa som er presentert, vurdert etter konfliktgrad. Det er ønskeleg med grunngitte synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller avgrensingar i planane. NVE ønskjer også grunngitte forslag til avbøtande tiltak som kan redusere skadane ved gjennomføring av planane. I tillegg ber vi om ev. kommentarar til om KU gir tilstrekkelege opplysningar om verknader av tiltaket.

NVE ventar at kommunen spesielt omtalar tilhøve knytt til kommuneplanen. I tillegg bør kommunen gi ei oversiktleg framstilling av forholdet mellom den omsøkte planen og dei lokale interessene. Dersom søknaden også gjeld løyve til elektriske anlegg, ber vi kommunen uttale seg om dette.

Faginstansar som Fylkesmannen og fylkeskommunen har eit særleg ansvar for å vurdere søknaden i forhold til sine respektive ansvarsområde. Vassregionmyndigheita skal vurdere om dei meiner tiltaket bør vurderast etter vassforskrifta § 12 eller ikkje.

Om mogleg ønskjer vi at fråsegner sendast elektronisk, gjerne direkte via våre nettsider, [www.nve.no/vannkraft](http://www.nve.no/vannkraft).

### *Rett til motsegn*

Kommunar, fylkeskommunar, Sametinget og statlege fagetatar kan fremje motsegn. Ei eventuell motsegn må fremjast i høyringsperioden. Vi viser til Rettleiar 3/2010 s. 17 for nærmare informasjon om dette (se [www.nve.no/vannkraft-ku](http://www.nve.no/vannkraft-ku)).



## ORIENTERING TIL HØYRINGSPARTANE (revidert februar 2013)

### Generelt

NVE er konsesjonsstyresmakt i saker som gjeld utbygging av småkraftverk (inntil 10 MW) og andre vassdragstiltak. Kongen i statsråd gir løyve til større kraftutbyggingar.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gi løyve etter vassressurslova § 8.

### Handsaming av søknaden fram til endeleg vedtak

NVE handsamar dei fleste av søknadane i grupper, vanlegvis etter geografisk plassering. Dette effektiviserer sakshandsaminga samstundes som høyringspartane og NVE kan sjå søknadane i samanheng.

NVE sender søknadane på høyring til kommunar, fylkesmenn, fylkeskommunar, statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som søknadane vedkjem. Høyringsperioden er vanlegvis tre månader for søknadar som blir handsama gruppevis, og minst seks veker for enkeltsaker. Ein eventuell søknad om utsett frist må vere grunngeven. NVE ventar at høyringspartane gir fråsegn på sjølvstendig grunnlag. Vanlegvis blir det ikkje gitt løyve til søknad om utsett frist, dersom det kan forseinke sakshandsaminga.

Søkjjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE gjennomfører synfaring. Dei som har uttalt seg i samband med høringa, blir inviterte til å delta på synfaringa. I konsesjonsvurderinga veg NVE fordelar og ulemper mot kvarandre, jf. vassressurslova § 25. Olje- og energidepartementet har som overordna politisk styresmakt gitt retningsliner for handsaming av små vasskraftverk. Desse er å finne på NVE sin nettstad: [nve.no](http://nve.no).

Dersom NVE gir løyve, blir det knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkår vil omfatte mellom anna vasslepp, naturforvaltning, kulturminne, frist for bygging og sanksjonar ved eventuelle brot på vilkåra.

### Kva forventar NVE av høyringspartane?

NVE ønskjer mest mogleg konkrete synspunkt på om løyve bør bli gitt eller ikkje, val av eventuelle alternativ og forslag om avbøtande tiltak. Fråsegner om energipolitikken til styresmaktene på eit generelt grunnlag, er av avgrensa nytte i sakshandsaminga.

Særleg der søknader blir handsama i grupper, ønskjer NVE synspunkt på den samla belastninga.

Dersom partane er kjend med tilhøve som det ikkje er opplyst om i tilstrekkeleg grad i søknaden, ønskjer NVE opplysningar om det.

Det blir forventa at kommunar, fylkeskommunar, fylkesmenn og andre styresmakter gir fråsegn med utgangspunkt i sine høvesvise ansvarsområde. Kommunane blir spesielt bedne om å vurdere søknadane opp mot gjeldande arealplanstatus.

Fråsegnene, opplysningane i søknaden og retningslinene frå Olje- og energidepartementet er viktige for vurderinga og vedtaket til NVE.

### Rett til motsegn og klage

Ein treng ikkje handsama energianlegg etter plan- og bygningslova, og det er ikkje lenger krav om reguleringsplan. For å ta vare på meininga bak motsegnsinstituttet i plan- og bygningslova, er det gitt reglar i energi- og vassdragslovgjevinga om rett til motsegn og klage, jf. vassressurslova § 24. NVE vil understreke at ei eventuell motsegn må bli fremja i høyringsperioden. Sjå nettstaden vår for meir informasjon: [nve.no/konsesjoner](http://nve.no/konsesjoner).

Partane kan klage på NVE sitt vedtak til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt dei mottok orientering om vedtak. NVE syner til kapittel VI i forvaltningslova om klage og omgjering.